

Alver kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 22.03.2021  
Vår ref.: 202104790-2  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 25.02.2021  
Dykkar ref.: 21/569 - 21/12796

Sakshandsamar:  
Toralf Otnes  
95875035/toot@nve.no

## **NVE si fråsegn til søknad om dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag for avløpsanlegg og parkeringsplass - Gnr. 214 bnr. 118 mfl. - Alver kommune**

Vi syner til brev datert 25.02.2021. Saka gjeld søknad dispensasjon frå arealdelen si byggegrense mot vassdrag. Det skal byggast ny tilkomstveg frå Fyllingsnesvegen til ny parkeringsplass, køyrbar gangveg til sjø i Litlevågen, samt etablering av kommunalt avlaupsanlegg med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø.

I følgje situasjonsplanen skal tiltaka etablerast nær bekken som munnar ut i Litlevågen. Fyllingsutslag frå parkeringsplass og veg medfører at bekken på tre korte strekningar må justerast noko. NNI Resources har utgreidd tema naturmangfald i ein rapport datert desember 2020.

NVE har ikkje avgjerande merknader til at det vert gjeve dispensasjon. Av omsyn til vassdraget bør det settast vilkår om å i størst mogeleg grad unngå inngrep i bekken. Der tiltaket kjem i berøring med bekken og kantvegetasjonen bør de sette vilkår om at det skal reetablerast eit vegetasjonsbelte som tek i vare intensjonen med vassressurslova (vrl) § 11.

Det er ikkje naudsynt med ytterlegare vurdering av tiltaket etter vrl. NVE ber dykk minne tiltakshavar om vrl § 5 om aktsemdplikt, og om § 47 om erstatningsansvar.

Det er ikkje usannsynleg at grunnen i søkket der bekken renn består av fine og blaute massar, og at det kan vere djupt til fjell. De bør sette vilkår om fagkyndig vurdering/undersøking av grunntilhøva, og at tilstrekkeleg geoteknisk kompetanse prosjekterer tiltaka.

Med helsing

Siss-May Edvardsen  
fung. regionsjef

Toralf Otnes  
senioringeniør



*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND